

Fra: Anders Søyland <Anders.Soyland@vlfk.no>

Sendt: 09.12.2022 14:14:32

Til: Anja Marken <anja.marken@aurland.kommune.no>, Bente Kopperdal Hervik <bente.kopperdal.hervik@alver.kommune.no>, Nils Helge F. Kvamme <nils.f.kvamme@voss.kommune.no>, mona.hellesnes <mona.hellesnes@ulvik.kommune.no>, Ingrid Kristina Danielsen Henriques <Ingrid.Henriques@austevoll.kommune.no>, Sylve Rusten <sylve.rusten@stord.kommune.no>, Julie Berge Westlye <julie.westlye@oygarden.kommune.no>, Sverre Jokstad <sverre.jokstad@askoy.kommune.no>, Bente Bjelland <bente.bjelland@fitjar.kommune.no>, Guro Taranger <gurtar@fitjar.kommune.no>, Mari Lyssand <malys@bjornafjorden.kommune.no>, Meline Heimdal Haugland <meline.heimdal.haugland@samnanger.kommune.no>, Kristian Helgesen <kristian.helgesen@kvinnherad.kommune.no>, Anne Kristine Dyrdal <anne.kristine.dyrdal@solund.kommune.no>, Karen Weichert <Karen.Weichert@vik.kommune.no>, kjetil.hoidal@kinn.kommune.no, Liv Kari Bødtker <Liv.kari.bodtker@etne.kommune.no>, elisabeth.tveit <elisabeth.tveit@ullensvang.kommune.no>, else.marie.sandal <else.marie.sandal@ullensvang.kommune.no>, Arild Vonheim <arild.vonheim@stad.kommune.no>, Mirjam Kreisel <mirjam.kreisel@stad.kommune.no>, Oliver.Bjorndal <Oliver.Bjorndal@luster.kommune.no>, Perdy Hesjevoll <perdy.hesjevoll@luster.kommune.no>, Gjermund Flage <Gjermund.Flage@hyllestad.kommune.no>, Mats Løve Gjersvik <mats.love.gjersvik@tysnes.kommune.no>, Åslaug Haugset <aslaug.haugset@gloppen.kommune.no>, Elisabet Orrestad Nilsen <Elisabet.Orrestad.Nilsen@sogndal.kommune.no>, Solfrid Trå <solfrid.tra@sunnfjord.kommune.no>, Asbjørn Nagell Toft <asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no>, Kari Torkildsen Utkilen <Kari.Utkilen@austrheim.kommune.no>, Kjosås, Reidun Braut <reikju@kvam.kommune.no>, Ingeborg Opdøl Tysnes <ingeborg.tysnes@fjaler.kommune.no>, Frank Kvinge <Frank.Kvinge@masfjorden.kommune.no>, Tone Hatlem <tone.hatlem@fedje.kommune.no>, Herold Kråkenes <herold.kråkenes@gulen.kommune.no>, Magnhild Myklebust <magnhild.myklebust@bremanger.kommune.no>, Sonja Servan <Sonja.Servan@stryn.kommune.no>, helene.norstrand <helene.norstrand@askvoll.kommune.no>, Arve Åsnes <Arve.Asnes@Askvoll.kommune.no>, Grønnevik, Elisabeth Holme <Elisabeth.Holme.Gronnevik@bomlo.kommune.no>, geir.underhaug@eidfjord.kommune.no, Knut Trefall <knut.trefall@vaksdal.kommune.no>, Anders Olav Dale <anders.olav.dale@alver.kommune.no>, Tom Leonsen <tle@bjornafjorden.kommune.no>, Nedkvitne, Jon <jone@kvam.kommune.no>, Ingri Thomassen <ingri.thomassen@osteroy.kommune.no>, elisabeth.hatteberg <elisabeth.hatteberg@tysnes.kommune.no>, Mathisen, Åsmund Ertshus <asmund.mathisen@bergen.kommune.no>, christel.movik-olsen@oygarden.kommune.no <Christel.Movik-Olsen@oygarden.kommune.no>, stine.moens.bakken <stine.moens.bakken@ardal.kommune.no>, Camilla Grøttebø <camilla.grottebo@laerdal.kommune.no>, sissel.hindenes <sissel.hindenes@modalen.kommune.no>, Synne.vefring <Synne.vefring@hoyanger.kommune.no>

Kopi: Ingrid Elisabeth Røyseth Melvær <Ingrid.Elisabeth.Royseth.Melver@vlfk.no>, Håkon André Halvorsen <Hakon.Andre.Halvorsen@vlfk.no>, Britt Karen Spjeld

<Britt.Karen.Spjeld@vlfk.no>, John Frithjof Fosse <frithjof.fosse@bof.no>, Anna Kobbeltvedt <anna@friluftsrads.no>, Helene Ødven <helene.odven@dnt.no>, Trond Glesaaen <trond@padleforbundet.no>

Emne: Informasjon om friluftslivets ferdsselsårer og ro og padleruter i Vestland

Hei, her kjem litt informasjon om prosjekta plan for friluftslivets ferdsselsårer og ro og padleruter i Vestland

Status friluftslivets ferdsselsårer

34 av dei 43 kommunane i Vestland er no i gang med, eller er ferdig med plan for friluftslivets ferdsselsårer. 5 kommunar har til no vedteke ein ferdig plan, medan dei resterande kommunane enten er i startfasen, i gang med kartleggingsarbeid, eller nær ved å ferdigstille planen. Til neste år satsar vi på at ein og del fleire kommunar skal bli ferdig med planarbeidet og at kommunane som er i startfasen skal komme godt i gang med kartlegging av ferdsselsårene og utarbeiding av sjølve planen. Vi håpar og at dei 9 kommunane som førebels ikkje har søkt om tilskot til arbeidet med friluftslivets ferdsselsårer søker om dette til neste år. (nye) Håkon har i haust hjelpt fleire kommunar med å registrere turruter i kart, og er klar for å bistå fleire kommunar til neste år.

Status ro- og padleruter

24 av kommunane i Vestland er no med i ro- og padleprosjektet og har fått tilskot til å kartlegge og gradere ro- og padleruter (enten på eigen hand eller gjennom friluftsråd). Det blei og løyva tilskot til nokre tilretteleggingstiltak, og Bergen og Omland Friluftsråd er i gang med oppføring av fleire padlehukar (nokken er også ferdige). I haus har vi og gjennomført webinar/infomøte både for kommunane som er med i prosjektet og aktuelle frivillige lag og foreiningar. Håpar desse møta var til nytte for dykk som skal jobbe med ro- og padleruter.

Planar for neste år

2023 var opphaveleg sett siste prosjektår for friluftslivets ferdsselsårer. Sjølv om mykje tydar på at prosjektperioden vil bli forlenga ønskjer vi til neste år å ha eit ekstra fokus på at kommunane som har motteke tilskot til prosjektet får gjennomført kartleggingsarbeidet og utarbeida ein ferdig plan med ein handlingsdel (tiltaksliste). Vi vil også ha eit særskilt fokus på oppdatering av turrute-databasen og at skilta og merka turruter blir registrert her. Vi planlegg derfor eit felles webinar med Kartverket der tema vil vere forvaltning av kartdata/turruter. Dato for dette webinaret er ikkje satt, men blir truleg ein gang i siste halvdel av februar.

Til no har samhandlinga om friluftslivets ferdsselsårer stort sett vore digital, i form av webinar og teams-møte med kvar enkelt kommune. Dette vil vi sjølvsgart halde fram med, men i 2023 vurderer vi å arrangere ei eller fleire fysiske samlingar om både friluftslivets ferdsselsårer og ro og padleruter i Vestland. Vi tenker da to-dagars samlingar der den eine dagen er via plan for friluftslivets ferdsselsårer, medan dag to er retta meir mot ro- og padleprosjektet. Vi trur slike fysiske samlingar kan vere nytte og gi ein annan moglegheit for dei prosjektansvarlege til å utveksle erfaringar og drøfte problemstillingar knytt til prosjekta. Kor vidt vi vil arrangere slike fysiske samlingar vil komme seg ann på prosjektøkonomien og interessa for dette. For å få ein peikepinn på interessa ønskjer vi at de fyller inn dette digitale skjemaet:

<https://forms.office.com/pages/responsepage.aspx?id=W5QUW4cP3UCs815elebrNilleT6IBaBFoVQtPlqyqkdUMFBQJVVOVgyWk1RRzVSOUJSQklwVjZFMS4u>

Vi ønskjer og gjerne innspel på aktuelle lokalitetar for slike samlingar og om de har spesielle tema de ynskjer skal bli tatt opp.

Påminningar

Fristen for å søke tilskot til friluftslivets ferdsselsårer er **15. februar**

For kommunane som fekk tilskot til friluftslivets ferdsselsårer i vår er det sett krav om innsending av statusrapport innan **15. januar 2023**.

Ber og at kommunane som har motteke tilskot tidlegare år sender ein mail med ein kortfatta statusrapport.

Om det er kommunar som har blitt løyva tilskot til ro- og padleruter i Vestland, men som ikkje har sendt EHF-faktura for utbetaling, ber vi om at dette gjerast så raskt som mogleg, slik at utbetalingane kjem med på årets rekneskap.

Ha ei fin førjulstid!

Med helsing

Anders Søyland
seniorrådgjevar

Tlf. 40427671

idrett og friluftsliv
kultur, idrett og inkludering



www.vestlandfylke.no

Ver merksam på at all dialog på e-post kan bli journalført.